



Det handlar om anstendigheit

Taler

Knut Arild Hareide

Dato

20 mars 2018

Sted

Stortinget

Omstendigheter

Debatt om mistillitsforslag mot justisminister Sylvi Listhaug (6)

1 Eg vil starte med å gi ein takk til statsministeren for den meldinga som ho gav til Stortinget. Dette var den utgangen som var rett i ei så alvorleg sak. Det er verdig at justisministeren på eige initiativ tar konsekvensen og trer tilbake.

5 Ei sak som dette handlar ikkje om å vinne eller å tape; det handlar om anstendigheit. Det er det viktig å hugse på ein dag som denne. Og den anstendigheita må gjelde oss alle.

10 Denne saka handlar om tillit - tillit der ute i samfunnet, tillit mellom folk, tillit mellom folk og politikarar, tillit mellom politikarar, tillit mellom posisjon og opposisjon.

15 Det er spørsmålet om tillit som er grunnen til Kristeleg Folkepartis sterke engasjement i denne saka, fordi vi kjempar for eit samfunn der alle kjenner eit ansvar for kvarandre. Kall det gjerne sosial kapital, kall det gjerne samfunnslimet, kall det gjerne anstendigheit. Det er nettopp det felles engasjementet for ein anstendig politisk debatt og ei anstendig offentlegheit som òg gjer at denne saka vekker så sterke reaksjonar.

20 Nokon har sagt at det var berre ein Facebook-post, at dette er ein debatt om debatten. Eg vil ta avstand frå ei slik bagatellisering. Det alvorlege er innhaldet og kva det nærer opp under.

25 Når tilliten til justisministeren for mange av oss blei borte, er det òg fordi denne saka føyer seg inn i eit større mønster. I vår vurdering har me ikkje berre sett på denne saka, men vurdert tillit i ein heilskap.

Ein statsråd skal byggje bruer, ikkje byggje murar. Ein statsråd skal inkludere,
30 ikkje ekskludere. Ein statsråd skal bidra til tillit og ikkje mistillit. Statsråden har
karakterisert det å hjelpe menneske i naud som å bere folk på gullstol, menneske
som har det så krevjande og har eit så krevjande liv at me ikkje kan forstå det.
Statsråden har tala om «godhetstyranniet» som om det er mindre godheit me
treng. Statsråden har stilt seg bak krenking av kyrkjeasyl. Statsråden har sagt at
35 Kristeleg Folkeparti ikkje er opptatt av å hjelpe menneske i naud når me aukar
bistanden, men berre vil få fram vår eiga godheit. Fleire av utspela har hatt eit
preg som ikkje har vore ein statsråd verdig, som har vore splittande, og som har
tatt fokuset vekk frå dei politiske sakene.

40 Høgrekstremsismen og andre former for ekstremisme er på frammarsj i
Norden, og det er nettopp i sosiale medium desse kreftene florerer og hentar si
næring. Det er det som ligg bak alvoret i denne saka. Og det er denne
justisministeren som har hatt nettopp det øvste ansvaret for å kjempe mot
høgrekstremsismen i Noreg, ansvaret for beredskapen vår, for kriseleiing.

45 Statsminister Erna Solberg har i fem år tillate Framstegspartiet å drive med
dobbeltkommunikasjon i regjering. Det har òg prega den offentlege debatten på
ein svært negativ måte.

50 Kristeleg Folkeparti ønskjer anstendigheit i norsk politikk og i det offentlege
ordskiftet. Derfor må det bli slutt på polariserande og splittande retorikk og
framferd. Det har statsministeren eit viktig ansvar for, både i eiga regjering og i
regjeringspartia. Statsministeren har ansvaret for at verken statsrådar eller
regjeringsparti får drive fram med dobbeltkommunikasjon. No må det setjast
55 ein annan standard for det offentlege ordskiftet og for kva ein kan gjere og seie i
storting og i regjering. Eg stolar på at statsministeren vil sørge for nettopp dette.

Kilde
60 www.stortinget.no

URI
<https://www.virksommeord.no/tale/det-handlar-om-anstendigheit>